



## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Janne Therese Stol Bådsvik	N-614	19/802

Saksnr	Utval	Type	Dato
018/20	Hovudutval helse/omsorg	PS	11.05.2020
083/20	Formannskapet	PS	02.06.2020
055/20	Kommunestyret	PS	15.06.2020

### AMBULERANDE SKJENKELØYVE OG SKJENKELØYVE FOR EINSKILDHØVE - PERIODEN 2020 - 2024

#### Saksopplysningar:

Rådmannen, 27.04.20

- A. AMBULERANDE SKJENKELØYVE
- B. SKJENKELØYVE FOR EINSKILDHØVE

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv.(alkohollova)

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.(alkoholforskrifta)

Alkoholloven med kommentarer – Helsedirektoratet

Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune 2016 – 2020

Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune 2020 - 2024

#### Saksorientering:

A. AMBULERANDE SKJENKELØYVE

Ut frå alkohollova § 4-5 kan kommunestyret opprette eit eller fleire skjenkeløyve som først i samband med den aktuelle bruk blir knytt til person og lokale. Slike skjenkeløyve er ei praktisk ordning med enkel saksbehandling der slutta lag kan få løyve til å drikke eller



skjenke alkohol med eller utan vederlag på stader der dette er forbode utan at det er gjeve løyve til det, jf. alkohollova § 8-9.

Ambulerande skjenkeløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikk som inneholder inntil 60 volumprosent alkohol, men berre for eit enkelt høve og slutta lag. Begge vilkåra må vere støtta. Helsedirektoratet sitt rundskriv med kommentarar har ei nærmere utgreiing om kva som er å rekna som slutta lag. I hovudsak er det meint bryllup, konfirmasjon, jubileum og liknande arrangement.

Det er ikkje krav om at det skal innhentast uttale frå politi og sosialtenesta før ambulerande løyve kan bli gjeve. Det skal utpeikast styrar og avløysar for løyvet, men det er ikkje krav om at desse har dokumentert kunnskap om alkohollova. Tildeling av ambulerande løyve kan delegerast til administrasjonen.

Kommunalt skjenkeløyve kan gjevast for periodar på inntil 4 år, med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer, jf. alkohollova § 1-6, 2. lekk.

Sidan 01.04.08 har Sveio kommune hatt 3 ambulerande skjenkeløyve.  
Ordningsa har vore lite nytta med totalt 5 ambulerande arrangement i perioden 2008-2015.

Sidan då har bruken auka, før det sank igjen:

2016: 1 arrangement  
2017: 11 arrangement  
2018: 22 arrangement

2019: 4 arrangement

Dei som hadde arrangement var Salamander bryggeri, men hovudsakeleg Albatross Spa. Albatross Spa søkte og fekk fast skjenkeløyve for ambulerande arrangement i 2018, derfor gjekk talet på dette ned i 2019, då arrangementa som er med her, er utanom faste skjenkeløyver.

For ambulerande løyve kan kommunen krevje eit gebyr som blir bestemt av alkoholforskrifta § 6-2. Pr. 01.01.20 er dette gebyret på kr 380,- pr. gong.

## B. SKJENKELØYVE FOR EINSKILDHØVE

I saker der vilkåra for å gje ambulerande løyve ikkje er oppfylt, kan kommunen gje løyve for eit einskild høve etter alkohollova § 1-6, 2. lekk. Etter § 23.4 i kommunelova kan tildeling av slikt løyve delegerast til administrasjonen.

Skjenkeløyve for einskildhøve må knytast til ei bestemt hending. Det må gjevast nytt løyve



for kvart arrangement. Det må gå klart fram når arrangementet begynnar og når det sluttar.

I Helsedirektoratet sitt rundskriv med kommentarer til alkohollova, angjev den at ein periode på inntil 6 dagar kan reknast som eit einskild høve, jf. 1.6.2.3. Sveio kommune har tidlegare praktisert 3 dagar som maksimal lengde på skjenkeløyve ved einskildhøve.

Det er heller ikkje her krav om at det må vere godkjent styrar og avløysar med dokumentert kunnskap om alkohollova, men det skal vere innhenta uttale frå politi og sosialtenesta før løyve kan gjevest. Gebyr for skjenkeløyve er bestemt av alkoholforskrifta § 6-2. Pr. 01.01.20 er dette gebyret minimum kr 5300,- pr. år. Ved særskilde høve kan gebyret settast lågare.

Sveio kommune har i fleire periodar stilt krav til styrar og avløysar som er strengare enn det lova krev. Kravet går på at styrar og avløysar skal ha dokumentert kunnskap om alkohollova. Dette gir eit godt utgangspunkt for at dei ansvarlege for skjenking har kjennskap til og forståing for regelverket rundt skjenking. Kravet om dokumentert kunnskap om alkohollova har etter kvart blitt godt innarbeida og akseptert blant dei som søker om skjenkeløyve for einskildhøve. Dette kravet blei teke vekk i perioden 2016-2019, men rådmannen råder at Sveio kommune skal innføre dette kravet igjen av grunnane nemnt ovanfor.

Bruk av skjenkeløyve for einskildhøve i perioden 2016 – 2019 har vore jamt brukt av ulike organisasjoner og lag, samt av enkeltpersonar:

2016: 4 arrangement

2017: 6 arrangement

2018: 6 arrangement

2019: 5 arrangement

Ved søknad om skjenkeløyve for einskildhøve er det stor variasjon i type arrangement og i storleiken på arrangementa. Det dreier seg som regel om små og mellomstore arrangement som t.d. pubkveldar, mindre konserter, festar, dansar, restaurantkveldar o.l. Deltakartalet varierar mellom 40 – 400/500 personar. Dei største arrangementa som t.d. dansegalla, utedans, festivalar og motorsykkel treff kan ha over 1000 deltakrar. Etter innspel frå politiet, er det teke med i alkoholpolitiske retningslinjer at det ikkje blir gjeve rett til skjenking av alkohol i gruppe 3 (brennevin) til større arrangement.

Gebyret for skjenkeløyve har samanheng med mengde omsatt alkohol, fastsett etter eigne satsar. Minimumsgebyret er bestemt av alkoholforskrifta § 6-2. Pr. 01.01.20 er dette gebyret minimum kr 5300,- pr. år. Minimumsgebyret gjeld for eit kalenderår for faste skjenkeløyve. Alkoholforskrifta § 6-2 seier også at ved særskilde høve kan gebyret setjast lågare. Skjenkeløyve for einskildhøve er å rekne som eit særskilt høve.

Etter gjennomført einskildhøve skal det leverast ein evaluering av arrangementet og innrapportering av menge alkohol som er selt.

Sveio kommune innførte i 2008 graderte satsar på gebyret for skjenkeløyve for einskildhøve.



Dette har fungert bra, særleg for mindre tilstellingar ved at arrangør ikkje får overskotet spist opp av gebyr. For høge gebyr kan føre til at publikum unnlèt å søkje om skjenkeløyve og i staden avviklar ulovlege arrangement der det blir skjenka alkohol utan løyve.

Ved fastsetjing av gebyr for skjenkeløyve for einskildhøve er det naturleg å ta omsyn til omsetninga av alkoholhaldig drikk. Storleiken på arrangementet seier noko om kor mykje alkohol som blir omsett. Rådmannen råder til å halde fram med graderte satsar på gebyr for skjenkeløyve for einskildhøve, og at satsane er lågare enn minimumsgebyret:

Arrangement med inntil 100 deltagarar, gebyr kr. 200,-

Arrangement med inntil 500 deltagarar, gebyr kr. 500,-

Arrangement med meir enn 500 deltagarar, gebyr kr. 1.000,-

Gebyret skal gå til utgiftene i forbindung med kontrollar av sals- og skjenkeløyvene, og til førebyggjande tiltak innan ungdomsskulane i Sveio kommune, jf. Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune 2016-2020.

## Vilkår

Alkohollova gjev kommunane høve til å setje vilkår ved tildeling av sal- og skjenkeløyve, jf. § 4-3. Vilkåra kan vere generelle for alle sal- og skjenkeløyve i kommunen, eller individuelle. Det kan også setjast ulike vilkår for ulike typar arrangement. Eit vilkår må vere rimeleg og fremme føremålet til alkohollova.

Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune 2016 – 2020 seier i del 1, punkt 6 m.a:

«Elles må ein også utvise varsemd med å gje skjenkeløyve til arrangement eller

skjenkestader som ligg i nærleiken av:

- Idrettshallar / arenaer
- Helsestudio
- Aktivitets og fritidssenter
- Gatekjøkken, storkioskar og bensinstasjonar
- Serveringsstader plassert i varehus / kjøpesenter
- Offentlege bygg
- Samfunnshus/sambrukshus og liknande»

Vidare står det i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 9-5, 3. lekk:

«På grunnskolar og i kombinerte anlegg for skole og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skole og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skoletida.»



Som ein konsekvens av dette ønskjer rådmannen å stille vilkår ved tildeling av skjenkeløyve til arrangement med skjenking i idrettshallen Vigdartun. Vigdartun er eit offentleg bygg som innehold skole, bibliotek og idrettshall og det er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg at dette bygget har arrangement med alkoholservering. Rådmannen har tidlegare hatt eit tak på kor mange arrangement med alkoholservering det skal vere mogleg å ha i løpet av ein periode på eit år i Vigdartun.

Det har i tidsrommet september 2007 - desember 2011 vore gjeve skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk totalt 8 gonger i samband med arrangering av dansegalla og konsert på Vigdartun. I tidsrommet 2012 - 2015 har det vore gjeve skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk totalt 3 gonger på Vigdartun. I tidsrommet 2016 - 2019 har det ikkje vore søkt om skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk på Vigdartun. I 2020 hadde Sveio folkebibliotek på Vigdartun, skjenkeløyve i forbindning med eitt foredrag. Dei var nøgd med gjennomføringa og har uttalt seg at dei gjerne kjem til å ha fleire liknande arrangementet i framtida.

Rådmannen ser det som rimeleg å ikkje ha tak på tal for arrangement pr. kalenderår på Vigdartun, men at kvar søknad blir vurdert fortløpande.

Vidare blir det stilt følgjande vilkår ved tildeling av skjenkeløyve i Vigdartun.

1. Ved arrangement med skjenking i Vigdartun skal all idrettslig aktivitet vere avslutta minst 2 timer i forkant av arrangementet, viss arrangementet skal vere i idrettshallen.
2. Etter arrangementet skal lokalet ryddast grundig. Det skal ikkje vere teikn til tomgods, glas eller anna som syner at det har vore alkoholservering inne i lokalet eller utanfor.
3. Etter at arrangement med skjenking er avslutta, skal ikkje lokalet brukast før det har gått minst 12 timer.

Det finst også andre kombinerte anlegg i Sveio der ein har fleirfunksjon mellom skule og kultur: skule/grendahus på Valestrand oppvekstsenter, Lid skule og Vikse skule. Det blir særskjeldan søkt om skjenkeløyve til desse stadene: I perioden 2008 – 2011 har det blitt søkt om skjenkeløyve totalt 3 gonger. Alle dei 3 einskildhøva gjaldt arrangement ved Lid grendahus. I perioden 2012-2015 har det ikkje vore søkt om eit einaste arrangement på desse stadene. I 2017 var det eitt arrangement på Grendastova Valestrand oppvekstsenter.

Dersom det skjer skjenking utan løyve, er dette brot på alkohollova som kan straffast med bøter og fengsel. Desse tilfella er ikkje kommunalt anliggende, men skal ivaretakast av politiet.

Rådmannen ønskjer at det skal vere klare retningslinjer for søknad om einskildhøve ved bygg som har delt funksjon mellom skule/grendahus. Det skal utvisast stor varsemd ved tildeling av skjenkeløyve i bygg som har delt funksjon mellom skule/grendahus. Dersom det blir gitt skjenkeløyve til slike bygg, skal det nyttast same vilkår som ved tildeling av



## Rådmannen sitt forslag til vedtak:

### A. AMBULERANDE LØYVE ETTER § 1-6 PERIODEN 01.07.20 – 30.09.24

1. I medhald av lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv § 1-6 jfr. § 4-5 opprettar Sveio kommunestyre 3 – tre - ambulerande løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk som inneholder inntil 60 volumprosent alkohol for perioden **01.07.20 – 30.09.24**.
2. Ambulerande skjenkeløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikk som inneholder inntil 60 volumprosent alkohol, men berre for eit enkelt høve og slutta lag. Begge vilkåra må vere støtta.
3. Skjenketidene blir regulert av Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune 2020-2024.
4. Løyvegebyret for bruk av ambulerande skjenkeløyve blir fastsett til det som er gjeldande jf. alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2. Pr. 01.01.20 er denne på kr 380,-
5. Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.

### B. SKJENKELØYVE FOR EINSKILDHØVE ETTER § 1-6 PERIODEN 01.07.20 – 30.09.24

1. Skjenkeløyve for einskildhøve etter alkohollova § 1-6 kan ha ein varighet på inntil 3 dagar.
2. Både styrar og avløysar for skjenkeløyve for einskildhøve må dokumentere kunnskap om alkohollova og føresegner gjeve i medhald av denne, eventuelt vere godkjente restauratørar.
3. Skjenketidene blir regulert av Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune 2020-2024.
4. Løyvegebyret blir fastsett etter følgjande satsar:

Arrangement med inntil 100 deltagarar, gebyr kr. 200,-.

Arrangement med inntil 500 deltagarar, gebyr kr. 500,-

Arrangement med meir enn 500 deltagarar, gebyr kr. 1.000,-

Jf. alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2.

5. Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.
6. Jf. alkohollova § 4-3 blir det stilt følgjande vilkår ved tildeling av skjenkeløyve i bygg som har delt funksjon mellom skule og grendahus, samt i Vigdartun:



- a. Ved arrangement med skjenking skal all idrettslig aktivitet vere avslutta minst 2 timer i forkant av arrangementet, viss arrangementet skal vere i idrettshallen.
  - b. Etter arrangementet er avslutta skal lokalet ryddast grundig. Det skal ikkje vere teikn til tomgods, glas eller anna som syner at det har vore alkoholservering, verken inne i lokalet eller utanfor.
  - c. Etter at arrangement med skjenking er avslutta, skal ikkje lokalet brukast før det har gått minst 12 timer.
7. Det er ikkje sett tak på tal på arrangement med alkoholservering i Vigdartun pr. kalenderår, men at kvar søknad blir vurdert fortløpende.

#### Hovudutval helse/omsorg - 018/20

#### **HHO - behandling:**

Ingen tok ordet i saka.

**Røysting:** Samrøystes som tilrådd av rådmannen.

#### **HHO - vedtak:**

##### **Hovudutval helse/omsorg si tilråding til formannskapet:**

##### **A. AMBULERANDE LØYVE ETTER § 1-6 PERIODEN 01.07.20 – 30.09.24**

1. I medhald av lov om omsetning av alkoholholdig drikke mv § 1-6 jfr. § 4-5 opprettar Sveio kommunestyre 3 – tre - ambulerande løyve for skjenking av alkoholholdig drikke som inneheld inntil 60 volumprosent alkohol for perioden **01.07.20 – 30.09.24**.
2. Ambulerande skjenkeløyve kan bli gjeve for alkoholholdig drikke som inneheld inntil 60 volumprosent alkohol, men berre for eit enkelt høve og slutta lag. Begge vilkåra må vere støtta.
3. Skjenketidene blir regulert av Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune 2020-2024.
4. Løyvegebyret for bruk av ambulerande skjenkeløyve blir fastsett til det som er gjeldande jf. alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2. Pr. 01.01.20 er denne på kr 380,-
5. Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.



**B. SKJENKELØYVE FOR EINSKILDHØVE ETTER § 1-6 PERIODEN 01.07.20 – 30.09.24**

1. Skjenkeløyve for einskildhøve etter alkohollova § 1-6 kan ha ein varighet på inntil 3 dagar.
2. Både styrar og avløysar for skjenkeløyve for einskildhøve må dokumentere kunnskap om alkohollova og føresegner gjeve i medhald av denne, eventuelt vere godkjente restauratørar.
3. Skjenketidene blir regulert av Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune 2020-2024.
4. Løyvegebyret blir fastsett etter følgjande satsar:

Arrangement med inntil 100 deltagarar, gebyr kr. 200,-.

Arrangement med inntil 500 deltagarar, gebyr kr. 500,-

Arrangement med meir enn 500 deltagarar, gebyr kr. 1.000,-

Jf. alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2.

5. Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.
6. Jf. alkohollova § 4-3 blir det stilt følgjande vilkår ved tildeling av skjenkeløyve i bygg som har delt funksjon mellom skule og grendahus, samt i Vigdartun:
  - a. Ved arrangement med skjenking skal all idrettslig aktivitet vere avslutta minst 2 timer i forkant av arrangementet, viss arrangementet skal vere i idrettshallen.
  - b. Etter arrangementet er avslutta skal lokalet ryddast grundig. Det skal ikkje vere teikn til tomgods, glas eller anna som syner at det har vore alkoholservering, verken inne i lokalet eller utanfor.
  - c. Etter at arrangement med skjenking er avslutta, skal ikkje lokalet brukast før det har gått minst 12 timer.
7. Det er ikkje sett tak på tal på arrangement med alkoholservering i Vigdartun pr. kalenderår, men at kvar søknad blir vurdert fortløpende.

Formannskapet - 083/20

**FOR - behandling:**

Ingen tok ordet i saka.

**Røysting:** Samråystes som tilrådd av Hovudutval helse/omsorg.



**FOR - vedtak:**

**Formannskapet si tilråding til kommunestyret:**

**A. AMBULERANDE LØYVE ETTER § 1-6 PERIODEN 01.07.20 – 30.09.24**

1. I medhald av lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv § 1-6 jfr. § 4-5 opprettar Sveio kommunestyre 3 – tre - ambulerande løyve for skjenking av alkoholholdig drikk som inneholder inntil 60 volumprosent alkohol for perioden **01.07.20 – 30.09.24**.
2. Ambulerande skjenkeløyve kan bli gjeve for alkoholholdig drikk som inneholder inntil 60 volumprosent alkohol, men berre for eit enkelt høve og slutta lag. Begge vilkåra må vere støtta.
3. Skjenketidene blir regulert av Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune 2020-2024.
4. Løyvegebyret for bruk av ambulerande skjenkeløyve blir fastsett til det som er gjeldande jf. alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2. Pr. 01.01.20 er denne på kr 380,-
5. Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.

**B. SKJENKELØYVE FOR EINSKILDHØVE ETTER § 1-6 PERIODEN 01.07.20 – 30.09.24**

1. Skjenkeløyve for einskildhøve etter alkohollova § 1-6 kan ha ein varighet på inntil 3 dagar.
2. Både styrar og avløysar for skjenkeløyve for einskildhøve må dokumentere kunnskap om alkohollova og føresegner gjeve i medhald av denne, eventuelt vere godkjente restauratørar.
3. Skjenketidene blir regulert av Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune 2020-2024.
4. Løyvegebyret blir fastsett etter følgjande satsar:

Arrangement med inntil 100 deltagarar, gebyr kr. 200,-.

Arrangement med inntil 500 deltagarar, gebyr kr. 500,-

Arrangement med meir enn 500 deltagarar, gebyr kr. 1.000,-

Jf. alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2.

5. Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.
6. Jf. alkohollova § 4-3 blir det stilt følgjande vilkår ved tildeling av skjenkeløyve i bygg som har delt funksjon mellom skule og grendahus, samt i Vigdartun:
  - a. Ved arrangement med skjenking skal all idrettslig aktivitet vere avslutta minst 2



timar i forkant av arrangementet, viss arrangementet skal vere i idrettshallen.

- b. Etter arrangementet er avslutta skal lokalet ryddast grundig. Det skal ikkje vere teikn til tomgods, glas eller anna som syner at det har vore alkoholservering, verken inne i lokalet eller utanfor.
  - c. Etter at arrangement med skjenking er avslutta, skal ikkje lokalet brukast før det har gått minst 12 timer.
7. Det er ikkje sett tak på tal på arrangement med alkoholservering i Vigdartun pr. kalenderår, men at kvar søknad blir vurdert fortløpende.

Kommunestyret - 055/20

### **KOM - behandling:**

Ingen tok ordet i saka.

**Røysting:** Samrøystes.

### **KOM - vedtak:**

#### **A. AMBULERANDE LØYVE ETTER § 1-6 PERIODEN 01.07.20 – 30.09.24**

1. I medhald av lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv § 1-6 jfr. § 4-5 opprettar Sveio kommunestyre 3 – tre - ambulerande løyve for skjenking av alkoholholdig drikk som inneheld inntil 60 volumprosent alkohol for perioden **01.07.20 – 30.09.24**.
2. Ambulerande skjenkeløyve kan bli gjeve for alkoholholdig drikk som inneheld inntil 60 volumprosent alkohol, men berre for eit enkelt høve og sluttar lag. Begge vilkåra må vere støtta.
3. Skjenketidene blir regulert av Alkoholpolitiske retningslinjer for Sveio kommune 2020-2024.
4. Løyvegebyret for bruk av ambulerande skjenkeløyve blir fastsett til det som er gjeldande jf. alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2. Pr. 01.01.20 er denne på kr 380,-
5. Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.

#### **B. SKJENKELØYVE FOR EINSKILDHØVE ETTER § 1-6 PERIODEN 01.07.20 – 30.09.24**



1. Skjenkeløyve for einskildhøve etter alkohollova § 1-6 kan ha ein varighet på inntil 3 dagar.
2. Både styrar og avløysar for skjenkeløyve for einskildhøve må dokumentere kunnskap om alkohollova og føresegner gjeve i medhald av denne, eventuelt vere godkjente restauratørar.
3. Skjenketidene blir regulert av Alkoholpolitiske retningsliner for Sveio kommune 2020-2024.
4. Løyvegebyret blir fastsett etter følgjande satsar:

Arrangement med inntil 100 deltagarar, gebyr kr. 200,-.  
Arrangement med inntil 500 deltagarar, gebyr kr. 500,-  
Arrangement med meir enn 500 deltagarar, gebyr kr. 1.000,-  
Jf. alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta § 6-2.
5. Melding om innvilga løyve skal sendast til kontrollinstansane.
6. Jf. alkohollova § 4-3 blir det stilt følgjande vilkår ved tildeling av skjenkeløyve i bygg som har delt funksjon mellom skule og grendahus, samt i Vigdartun:
  - a. Ved arrangement med skjenking skal all idrettslig aktivitet vere avslutta minst 2 timer i forkant av arrangementet, viss arrangementet skal vere i idrettshallen.
  - b. Etter arrangementet er avslutta skal lokalet ryddast grundig. Det skal ikkje vere teikn til tomgods, glas eller anna som syner at det har vore alkoholservering, verken inne i lokalet eller utanfor.
  - c. Etter at arrangement med skjenking er avslutta, skal ikkje lokalet brukast før det har gått minst 12 timer.
7. Det er ikkje sett tak på tal på arrangement med alkoholservering i Vigdartun pr. kalenderår, men at kvar søknad blir vurdert fortløpande.